



Årsmøte representantar

ArkivsakID/ JpID: 14/2167 14/9878

Dato:
20.06.2014

PROTOKOLL ÅRSMØTE MELAND FRIVILLIGSENTRAL

Onsdag 18.juni 201~~3~~⁴ kl. 1500 i Leirdalen klubbhus.

Tilstades: Elna Bjørndal, Ragnar Bratland, Jorunn Brakstad, Øystein Blom, Marte Aadland, Anne Grete Eide, Rolf Hansen, Tormod Skurtveit, Per Sætre, Øyvind Oddekalv, Sølvi Knudsen, Per Kristian Holmetun, Astrid Anne Fjeldstad, Arnold Tveit, Ida Cecilie Alvær, Atle Håtuft, Ørjan Kristiansen, Ture Andersen, Marit Samnøy Jøssang, Erling Rønnestad, Beate Eknes, Rune Brekkhus, Åshild Aamli, Morten Sakstad, Leif Johnsen.

Frå styret: Kåre Skibenes, Nils Marton Aadland, Audun Håland (under orienteringa).

Audun Håland orienterte om friskus prosjektet i Nordhordland padleklubb og samarbeidet med Frivilligsentralen.

Sak 1 Godkjenning av innkalling og sakliste.

Godkjend

Sak 2 Val av møteleiar.

Kåre Skibenes vart vald som møteleiar.

Sak 3 Val av referent.

Nina Randal vart vald som referent.

Sak 4 Val av to til å skriva under møteboka saman med møteleiar.

Desse vart vald:
Elna Bjørndal
Beate Eknes

Sak 5 **Godkjenning av Årsmelding 2013.**

Godkjend

Sak 6 **Godkjenning av Rekneskap 2013.**

Godkjend

Sak 7 **Vedtektssending.**

Styret i Meland Frivilligsentral si tilråding til vedtektssending:

1. Under punktet «Styret» i vedtektene blir styresamansetjinga endra til:
Frivilligsentralen har eit styre på 6 medlemmer. Styret konstituerar seg sjølv og vel leiar og nestleiar for 2 år om gongen. Leiar har dobbelstemme ved likt stemmetal.
Styret er slik samansett:
3 frå kommunen – 2 politikarar og 1 frå administrasjonen i kommunen.
3 vald frå frivillige organisasjonar i Meland.
Representantane frå organisasjonane vert vald for 2 år.
2. Under punktet «Organisasjon» i vedtektene blir teksten oppjustert frå:
«Sentralen er organisatorisk plassert under Kultur og oppvekst. Kommunalsjef ved avdelinga har personalansvar for tilsette ved sentralen.»
Til:
Sentralen er organisatorisk plassert under tenesteområde Kultur. Leiar for tenesteområde Kultur har personalansvar for tilsette ved sentralen.

Under punktet «Økonomi» vert teksten oppjustert frå:
«Dagleg leiar skal i samråd med Kultur og oppvekst utarbeide framlegg til budsjett og leggja det fram for styret.»
Til:
Dagleg leiar skal i samråd med tenesteområde Kultur utarbeide framleg til budsjett og leggja det fram for styret.

Vedtak Årsmøtet:

1. Frivilligsentralen har eit styre på 6 medlemmer. Styret konstituerar seg sjølv og vel leiar og nestleiar for 2 år om gongen. Leiar har dobbelstemme ved likt stemmetal.
Styret er slik samansett:
3 frå kommunen – 2 politikarar og 1 frå administrasjonen i kommunen.
3 vald frå frivillige organisasjonar i Meland.
Representantane frå organisasjonane vert vald for 2 år.
2. Under punktet Organisasjon i vedtektene blir teksten oppjustert frå:
«Sentralen er organisatorisk plassert under Kultur og oppvekst. Kommunalsjef ved avdelinga har personalansvar for tilsette ved sentralen.»
Til:
Sentralen er organisatorisk plassert under tenestoområde Kultur. Leiar for tenestoområde Kultur har personalansvar for tilsette ved sentralen.

Under punktet Økonomi vert teksten oppjustert frå:
«Dagleg leiar skal i samråd med Kultur og oppvekst utarbeide framlegg til budsjett og leggja det fram for styret.»
Til:
Dagleg leiar skal i samråd med tenestoområde Kultur utarbeide framleg til budsjett og leggja det fram for styret.

Sak 8 Val av to representantar til styret.

Valkomiteen si innstilling:

1. Ungdomslag
2. Vel-lag / bygdelag
3. Råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne
4. Meland sokneråd / Meland kyrkjelyd

Vedtak Årsmøtet:

Valkomiteen si innstilling er godkjend.

1 representant frå ungdomslag og ein reprsasantant frå Vel-lag/ bygdelag er vald inn i Meland Frivilligsentral sitt styre.

Møtet slutt 15.30.

Kåre Skibenes

Elna Bjørndal

Beate Eknes

Kåre Skibenes

Elna Bjørndal

Beate Eknes

